



Årsrapport 2019



Årsrapport 2019

<i>Hovudtrekk i rekneskapen</i>	3
<i>Årsmelding</i>	
<i>Bankåret 2019</i>	4
<i>Samfunnsansvar</i>	4
<i>Banken og lokalsamfunnet</i>	4
<i>Banken og digitale løysingar</i>	9
<i>Samarbeidspartnarar</i>	9
<i>Økonomisk utvikling 2019</i>	10
<i>Resultat og balanse 2019</i>	12
<i>Risikostyring, internkontroll og compliance</i>	13
<i>Personale – arbeidsmiljø</i>	15
<i>Utsiktene framover</i>	17
<i>Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette</i>	18
<i>Rekneskap</i>	19
<i>Notar</i>	23
<i>Melding frå revisor</i>	56

Hovudtrekk i rekneskapen for 2019

Etter skatt har banken eit resultat på kr 33,54 millionar. Dette er det beste i banken sin historie. Årsak er i hovudsak kontrollert vekst i utlån, moderate tap og vinst ved sal av aksjar. Forvaltningskapitalen har auka med 2,8 % til kr 3.767 millionar. Innskot frå kundar har auka med 6,2 % og er no på kr 2.680 millionar. Utlån til kundar inkludert overføring til Verd Boligkreditt AS har auka med 4,5 %. Rentenetto i prosent for 2019 er på 1,69 %. Rentenettoen for 2018 var på 1,64 %.

Resultat i millionar kr.	2019	2018	2017	2016	2015
Netto renteinntekter	62,7	57,9	55,1	55,5	55,7
Netto andre driftsinntekter	26,7	19,1	20,6	20,2	13,6
Sum driftsinntekter	89,4	77,0	75,7	75,7	69,3
Driftskostnader	42,5	40,4	36,6	35,2	36,6
Driftsresultat før tap og skatt	46,8	36,6	39,1	32,7	35,7
Nedskrivningar og tap på utlån	3,1	2,2	2,3	3,3	3,3
Vinst(-)/tap verdipapir anleggsmiddel	0,4	-7,2	-4,9	-6,5	-6,5
Resultat ordinær drift	43,3	41,6	41,7	38,3	35,9
Skatt	9,8	8,1	8,8	8,6	8,6
Overskot	33,5	33,5	32,8	29,7	27,3
 (I prosent av gj. forvaltningskapital)					
	2019	2018	2017	2016	2015
Netto renteinntekter	1,69 %	1,64%	1,65 %	1,76 %	1,87 %
Netto andre driftsinnt.	0,72 %	0,54%	0,62 %	0,64 %	0,46 %
Sum driftsinntekter	2,41 %	2,18%	2,27 %	2,40 %	2,33 %
Driftskostnader	1,14 %	1,14%	1,10 %	1,11 %	1,23 %
Driftsresultat før tap og skatt	1,26 %	1,04%	1,17 %	1,10 %	1,26 %
Nedskrivningar og tap på utlån	0,08 %	0,06%	0,07 %	0,11 %	0,12 %
Vinst(-)/tap verdipapir anleggsmiddel	0,01 %	-0,19%	-0,15 %	-0,22 %	-0,23 %
Resultat ordinær drift	1,17 %	1,17%	1,25 %	1,21 %	1,21 %
Skatt	0,26 %	0,23%	0,27 %	0,27 %	0,29 %
Overskot	0,90 %	0,95%	0,99 %	0,94 %	0,92 %
 Gjennomsnittleg forvaltningskapital					
	3.716	3.541	3.330	2.980	2.836
 Nøkkeltal					
	2019	2018	2017	2016	2015
Forvaltningskapital	3.767	3.665	3.418	3.242	3.073
Brutto utlån til kundar	3.125	3.012	2.826	2.715	2.487
Innskot frå kundar	2.680	2.523	2.451	2.380	2.212
Eigenkapital	491	460	430	400	373
Eigenkapitalprosent før skatt	13,02 %	12,55 %	12,56 %	12,33 %	12,14 %
Kapitaldekning	21,13 %	19,86 %	20,82 %	20,66 %	20,22 %
LCR	176 %	212 %	113 %	128 %	123 %
Eigenkapitalrentabilitet	9,12 %	9,35 %	9,71 %	9,59 %	9,62 %
Årsverk	22,5	22,5	21,3	20,25	20,4
Driftskostnader i % av inntekter eks verdipapir	49,79 %	52,76 %	48,57 %	52,55 %	49,37 %

Bankåret 2019

Styret i Luster Sparebank legg fram eit godt resultat for 2019.

Som lokalbank er utviklinga til Luster Sparebank nær knytt til både dei økonomiske tilhøva i kommunen og den generelle økonomiske utviklinga i landet.

Luster Sparebank har hovudmarknaden sin i Luster, men over tid har me fått fleire og fleire kundar utanfor kommunen. 33 % av innskota og 55 % av utlåna kjem frå kundar utanfor kommunen. Kundane utanfor kommunen er såleis ei svært viktig kundegruppe for banken.

Luster Sparebank har hatt tre renteendringar i 2019. Rentenettoen har auka gjennom året. Ved slutten av året var rentenettoen 1,69 % mot 1,64 % ved førre årsskifte.

Samfunnsansvar

Luster Sparebank sin visjon er å vere ein sjølvstendig og frittstående bank som skal spele ei aktiv rolle i utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv. Arbeidet med samfunnsspørsmål er integrert i det kontinuerlege strategiarbeidet vårt. Slik sikrar me at etikk, miljø og viktige samfunnsspørsmål til ei kvar tid står på dagsorden. Dette ligg som grunnlag for alle aktivitetane våre.

Finansnæringa er gjennom lover og reglar pålagt av styresmaktene å medverke til arbeid mot korrupsjon. Banken har etablert etiske retningslinjer for dei tilsette, og styret er opptekne av at det blir lagt stor vekt på å ha ein høg etisk standard internt og i dialogen med kundane. Banken har også eigne rutinar for å førebygge og avdekke transaksjonar med tilknytning til utbytte av straffbare handlingar eller med tilknytning til terrorhandlingar. Alle tilsette gjennomfører årleg kvitvaskingskurs.

Miljø

Banken driv ikkje verksemd som ureinar det ytre miljø meir enn det som er normalt for næringa og er sertifisert som Miljøfyrtårn.

Luster Sparebank har som mål å redusere reiseverksemda. Me nyttar telefon- og nettmøte i dei høva der dette er mogeleg.

Luster Sparebank har fokus på å redusere antal utskrifter for å spare miljøet.

eSignering og digital arkivering er føretrekte metodar.

I 2019 hadde me totalt ein reduksjon på 48.000 utskrifter.

Årsmeldinga for 2019 vert for første gong kun sendt ut digitalt for å unngå unødvendig bruk av papir.

Luster Sparebank er også godkjent som Fairtrade bedrift. Fairtrade handlar om rettferdig handel.

Menneskerettar

Luster Sparebank si verksemd er ikkje i strid med menneskerettane.

Banken er svært oppteken av utviklinga i lokalsamfunnet, og har gjennom fleire år nytta mykje midlar for å stimulere til vekst og utvikling.

Me har i dag tilbod om Bank i Butikk i Fortun, Skjolden, Luster, Jostedal og Veitastrond. Kundane får utført dei daglege banktenestene sine i butikkane si opningstid. Samstundes er tilbodet med på å styrke nærbutikkane.

Banken og lokalsamfunnet

Luster Sparebank støttar frivillige lag og organisasjonar med store summer kvart år. Banken er hovudsponsor for alle dei fem idrettslaga i Luster kommune, samt Sogndal Idrettslag og Studentspreppen i Sogndal kommune.

Vidare har banken sponsoravtalar med mellom anna Luster Røde Kors, Luster Turlag, Sogn Skisenter, Sognefjellet Sommarskisenter, Luster Treningssenter, Lustrabadet og Sogndal Fotball. Sponsoravtalane vart fornya i 2018 og gjeld no til utgangen av 2021. Banken tek initiativ til å samle lag og organisasjonar som har sponsoravtale til felles årleg møte for erfaringsutveksling og for å sjå etter forbedringspotensiale. I 2019 var idrettslaga samla på VIP-tribuna under Sogndal Fotball G19 sin Europacupkamp på Fosshaugane i oktober.

Luster Sparebank leiger gratis ut ein mobil betalingsterminal til alle lag og organisasjonar som er kundar i banken. Terminalen blir mykje nytta under ulike arrangement.

I tillegg har banken vore aktiv for å etablere Vipps, ei teneste som fungerer svært godt for mange lag og organisasjonar, då tenesta nærast er blitt allemannseige.

MiniAnne-øvingsdokka for livredning

Luster Sparebank var i 2014 med på finansiering av øvingsdokka til alle elevane i 7., 8. og 9. klasse i Luster. I åra 2015 – 2019 har alle 7. klassingane i kommunen fått MiniAnne, noko me vil halde fram med i åra framover. På denne måten betrar me tryggleiken til både unge og eldre over tid.

Gåver og tilskot

Luster Sparebank deler kvart år ut ein del av overskotet som gåver til allmennyttige formål. For 2019 har omlag 180 lag og organisasjonar fått gåvemidlar.

Sponsoravtale Sindre Steig

Luster Sparebank inngjekk i 2019 ein 3-årig sponsoravtale med artisten Sindre Steig frå Fortun. Sindre deltok våren 2019 i tv-programmet The Voice på TV2 med Morten Harket som mentor. Han ga hausten 2019 ut si første låt, som har blitt streama heile 60.000 gonger på Spotify. Vidare planar framover er å gje ut eit heilt album, samt konsert i Oslo Spektrum 11. oktober 2023.

Luster Idrettspark

Anlegget var klart til bruk våren 2020 og logoen til Luster Sparebank er godt plassert i midtsirkelen av kunstgrasbana. I tillegg til tidlegare støtte til prosjektet på 1,5 millionar kroner vart det løyvd kr 100.000,- til ballfangarnett ned mot elva.

Nye Tungestølen Turisthytte

Nye Tungestølen vart opna av H.M Dronning Sonja 6. september 2019.

Luster Sparebank har vore ein stor støttespelar i prosjektet med ei gåve på 3 millionar kroner.

Ved opninga fekk Nye Tungestølen ytterlegare kr 900.000,- i gåve frå banken til finansiering av den oppsette småhytta.

Hangar Sogndal Lufthamn

Ein hangar på Sogndal Lufthamn vil gjere det mogleg å stasjonere fly over natta og med det bidra til fleire avgangar. Bygging av hangaren er eit spleiselag mellom fleire lokale verksemder i Sogn. Luster Sparebank har støtta prosjektet med kr 110.000,-

Andre gåver og tilskot

Av andre større tiltak me har støtta med gåve eller sponsorstøtte/kjøpt profilering til, utover den ordinære gåvetildelinga, kan nemnast:

- Hjartestartar Mollandsmarki og Leirdalen
- Tilskot til oppgradering av Solvorn Vatningslag,
- Nyoppføring av bru i Mørkridsdalen og tilskot til bru i Kinsedalen
- Jubileumsbok Eikum Hotell og jubileumsbok Joranger Kyrkje
- Fjøspest på Sønnesyn
- Sogn Ridehall
- 4H sin fylkesleir på Hafslo
- Studentmeisterskap Studentspretten, samt støtte til deltaking i Student EM i Madrid
- Prosjekt «tryggare skuleveg» på Joranger
- Landsfinalen klassequizen Luster ungdomsskule
- Skuletur Luster ungdomsskule og Hafslo barne- og ungdomsskule
- Diverse arrangement Luster prestegard
- Juleglede i Luster
- Nyttårsball Grandmo heimeteneste
- TV-aksjonen 2019
- Trekkspelkonsert på Eikum hotell i regi av Luster Lions
- Hafslo fiskefestival
- Hafslo Skule- og Ungdomskorps
- Minnekonsert for Lene Hauge
- 30 års jubileum Sauradnkameratadn
- Gåver til fleire lokale basarar og andre arrangement, både i Luster og Sogndal kommune

Vidare har banken kjøpt reklame- og profileringsplass i samband med:

- Julekonsertar i regi av Julesong
- Konsert med Folk Flest i Sogndal Kulturhus
- Konsertar i Fet kyrkje med Indre Hafslo Spelemannslag
- Kyrkjekonsertar med Dordi Boksasp Lerum
- Konsert med Henning Lad på Gaupnetunet
- Lustrabalder
- Bergtattfestivalen.

Banken støttar Kulturdagane på Skjolden, Olsokmarknaden i Fortun og Lustramarknaden økonomisk, samstundes som me deltek aktivt med stand på Lustramarknaden.

Me vil også trekke fram utdeling av kultur- og næringsstipend til ungdom. To ungdomar med ambisjonar om å utvikle eigne talent vart tildelte ungdomsstipend på kr 10.000 kvar under Lustramarknaden 2019. Målet med ungdomsstipendet er å støtte opp om unge mellom 16 og 25 år som har ambisjonar. Stipendet går til dei som satsar målmedvite for å ta eit steg vidare innan song, musikk eller anna kultur, vil utvikle seg innan idrett/sport, eller har gode idèar og planar om å drive eiga næringsverksemd.

Luster Sparebank med fleire har saman med idrettslaga i kommunen oppretta eit «laug» som deler ut stipend til ungdommar som er «på veg» til elitenivå i sin idrett. Det er idrettslaga som melder inn kandidatar til lauget.

Sparebankveka 2019 hadde arrangement i Sogndal, Luster, Skjolden, Jostedal, Solvorn og Veitastrond, i tillegg til Gaupne og Hafslo. Det var god oppslutnad. Tømmepremie i år var refleksvest, som såg ut til å falle i smak. I tillegg vart det trekt ut to vinnarar som fekk kvar sin iPad.

Lokalmarknaden

Folketalsutvikling i Luster:

År	Innbyggjarar	År	Innbyggjarar
1970	5.126	2015	5.093
1980	5.102	2016	5.151
1990	5.172	2017	5.223
2000	5.003	2018	5.195
2010	4.945	2019	5.178 prog

Det er svært viktig for utviklinga i kommunen at folketalet vert oppretthalde. Det er då gledeleg å sjå at me har hatt ei positiv folketalsutvikling dei siste åra. Om lag 18 % av innbyggjarane er 67 år eller eldre, noko som inneber at Luster kommune har forholdsvis høg snittalder.

Ei utfordring for Luster, til liks med mange andre distriktskommunar, er at ein svært stor del av ungdomane tek høgare utdanning i andre delar av landet, og at arbeidsmarknaden for personar med slik utdanning er avgrensa. Luster er likevel i ein betre posisjon enn mange andre kommunar grunna kort avstand til Sogndal og Leikanger. Det pendlar omlag 770 personar ut av kommunen og omlag 230 personar inn til kommunen. Ei utfordring blir då å gjere Lustrasamfunnet attraktivt å bu i sjølv om arbeidsplassen ligg i ein nabokommune.

Statistisk sentralbyrå sin statistikk syner at det var registrert 26 arbeidsledige, det vil seie omlag 1 % i Luster kommune ved utgangen av desember 2019. Dette er eit svært lågt tal, tilsvarande tal for 2018 var 20.

Næringslivet i Luster

Luster Sparebank finansierer eksisterande og nye verksemdar. Banken har som mål å medverke til ei aktiv næringsutvikling i kommunen. Banken har eit godt og tett samarbeid med Luster kommune i nærings saker.

I Statistikknett Reiseliv for 2019 viser tala på samla gjestedøgn i Sogn 767.387, som er ein auke på 6,1% i høve til året før. Utanlandske turistar står for heile 65,8% av antal gjestedøgn, ein auke på 7,8% frå fjoråret. Norske turistar har ein auke på 2,9% til 262.188 gjestedøgn. Hotellovernattingar viser ein auke på 9,5% til 381.238 gjestedøgn. Her viser overnattingar for norske turistar størst prosentvis auke på 10,9%. Auken blant utanlandske turistar viser her 8,7%. Camping/hytter viser ein auke på 2,9% i 2019, mot ein nedgang på 2,7% i 2018. Her er det nedgang på 4,5% av norske turistar, auke blant utanlandske turistar på 7,0%.

Reiselivsverksemdene i Luster, både hotella og campingplassane har gjeve tilbakemelding om ein rimeleg god turisttrafikk i sesongen 2019.

Luster Sparebank har hatt ei tvistesak med ei reiselivsverksemd over tid. Saka vart avgjort av Lagmannsretten i Bergen i november 2018, der banken vann fram med sine synspunkt i saka. Hotellet er no for tvangssal og utfallet av salet er ikkje kjent.

Luster kommune tilbyr gunstige finansieringsordningar for å stimulere til investeringar innan landbruket. Tiltaka frå kommunen har fungert godt og Luster Sparebank har delteke i det store og heile i samtlege prosjekt av nybygg/renovering innan landbruket i kommunen. Største prosjekta har i år vore innan mjølk og kjøtproduksjon (storfe).

Aktiviteten i bygg- og anleggsbransjen har vore mindre i 2019 enn åra før. I kommunesenteret Gaupne vart fleire leiligheitsprosjekt ferdigstilt i 2018. Antal leiligheiter som vart lagt ut i marknaden vart for stort i forhold til behovet for nye bustader. Dette har ført til at salet av leiligheiter og hus har gått tregt. I den andre tettstaden i kommunen, Hafslo har det ei tid vore mangel på bustadtomtar. Botn Bustadfelt har opna for sal av tomtar og interessa for kjøp av tomtar/hus har vore positiv. Utviklinga i volum bustadlån har vore positiv for Luster Sparebank i 2019.

Handelsnæringa merkar konkurransen frå mellom anna netthandelen. Det er utfordrande å drive mindre spesialforretningar i kommunen. Skal lokale forretningar overleve, er ein heilt avhengig av at lokalbefolkninga nyttar dei lokale tilboda.

Datalagring har vorte peikt på av mange som ei vekstnæring. For å stimulere til vekst m.a. innan datalagringssenter, vart EI-avgifta sterkt redusert for selskapa som dreiv innan denne næringa. Frå 01.01.2019 vart ordninga med redusert EI-avgift for Datasenter som driv med utvinning av kryptovaluta avvikla. Luster Sparebank har kundar som driv i næringa og følg nøye med utviklinga her.

Næringslivet i Luster representerer eit breitt spekter av ulike næringar. Mange av verksemdene er høvesvis små, noko som kan vere ein fordel i ei tid med store omstillingar og krav til raske handlingar. Utfordringar som sentraliseringspolitikk, netthandel og andre utviklingstrekk i tida merkast også i Luster. Dette fordrar aktørar som kan medverke til å til å oppretthalde aktivitet og utvikling i lokalsamfunnet.

Me har mange aktørar innan næringslivet i Luster som er offensive og jobbar for å ruste seg for utfordringane framover på utkikk etter nye moglegheiter. Som lokal bank prøver me etter beste evne å hjelpe både etablerte og nye verksemdar med finansiering og råd, og på den måten bidra til eit aktivt næringsliv i Luster kommune.

Arrangement

I mange år har Luster kommune og Luster Sparebank arrangert møte og kurs for næringslivet i kommunen og regionen. Det har gjennom åra vorte mange ulike tema som har vore sett fokus på. Attendemeldinga og interessa frå næringslivet har vore god.

Me arrangerte i 2019 eit temamøte saman med Luster kommune, der tema var: «Utviklingsarbeid i næringslivet»

«*Livet står aldri stille*» syng Anne Grete Preus, det er sant. Utvikling skjer heile tida, og dei teknologiske endringane går stadig raskare. Regjeringa skriv slik i Stortingsmelding 4 (2018/19):

Regjeringa har som ambisjon at Norge skal være et av de mest innovative landene i Europa. Som andre høykostland må Norge konkurrere med kunnskap som grunnlag for innovasjon og høyere produktivitet.

Utvikling og utviklingsarbeid er og noko som dei lokale bedriftene i Luster kommune må forhalde seg aktivt til. Kommunen og banken fekk nokre lustrabedrifter frå ulike bransjar (Skjolden Hotell, Luster Energiverk, Digital Etikett og Luster Sparebank) til å fortelje litt om utviklingsarbeidet i si bedrift.

Arrangementet hadde svært godt oppmøte, og det er gledeleg å sjå at slike arrangement også dreg deltakarar frå nabokommunane.

Banken og digitale løysingar

Ny teknologi og endra kundeåtfærd stiller bankane ovanfor stadig nye utfordringar. I Norge nyttar dei aller fleste innbyggjarane digitale tenester i kommunikasjon med banken sin.

Luster Sparebank er tilgjengeleg både for dei som ynskjer å utnytte dei sjølvbetente løysingane og dei som ynskjer meir personleg oppfølging.

Av sjølvbetente løysingar tilbyr banken mellom anna elektronisk signering av avtalar og dokument. Dette fører til at lånesaker kan gjerast heilt digitalt, der tinglysing av pant i eigedommar vert sendt elektronisk til Kartverket. Me har også ei digital løysing for å bli kunde, der BankID dannar grunnlaget for legitimeringa. Det er fleire og fleire funksjonar som kan gjerast sjølvbetent i nett- og mobilbank.

Mobilbanken blir meir og meir brukt. I løpet av året har banken hatt fleire oppdateringar av mobilbanken. Det er komme til fleire funksjonar, slik som eigendefinerbar snarvegsmeny og fleire menyval som før kun var tilgjengeleg i nettbanken.

Den største endringa i teknologi i 2019 var nye funksjonar og grensesnitt som følgje av at PSD2 regelverket tredde i kraft 14. juni. PSD2 er EU sitt direktiv som pålegg alle bankar og finansinstitusjonar å gjere kundane sine kontoopplysningar tilgjengeleg for kunden i system levert av tredjepartar (TPP). Som medlem i EØS har Norge teke PSD2 inn i lover og forskrifter. Luster Sparebank har integrert PSD2 i nettbank og mobilbank slik at våre kundar kan hente inn kontoar dei måtte ha i andre bankar til vår nett- og mobilbank. Banken har og eigne PSD2 grensesnitt som dekkar lovpålagde krav til å kunne dele kontoopplysningar.

Alle betalingskorta i banken er no kontaktlause og me tilbyr Visakort heilt ned til 8 år. Det har vore stor auke i bruk av kort blant barn og unge. Stadig færre kundar tek ut kontantar i minibankane.

Banken har signert ny avtale med IT-leverandøren TietoEvry. Den nye avtalen er gjeldande frå 01.01.2020 til 31.12.2025.

Samarbeidspartnarar

Dei Samarbeidande Sparebankane (DSS)

Samarbeidet med DSS er særst viktig for Luster Sparebank. Bakgrunnen for samarbeidet er at bankane kan trekke synergjar gjennom mellom anna innkjøpsavtalar, meirsal, kostnadssparing og andre stordriftsfordelar. Deltakarar i samarbeidet er: Spareskillingbanken, Haugesund-, Etne-, Flekkefjord-, Lillesands-, Skudenes & Aakra-, Søgne og Greipstad-, Voss- og Luster Sparebank.

Framtidsfylket AS

Framtidsfylket er eit selskap eigd av næringsorganisasjonar, arbeidsgjevarar, fylkeskommunen og kommunar og har som hovudmål: Vekst og verdiskaping i Sogn og Fjordane gjennom rekruttering av kompetent arbeidskraft. Luster Sparebank er medeigar i selskapet.

Frende Forsikring AS – Frende Holding AS

Luster Sparebank gjekk i 2007 inn på eigarsida i forsikringsselskapet Frende Forsikring. Saman med 14 andre sparebankar vart dermed Frende Skadeforsikring AS og Frende Livsforsikring AS stifta. Både skade- og livselskapet har tilhald i Bergen. For banken betyr dette at me via Frende kan tilby eit totalt

forsikringsprodukt med både liv- og skadeforsikring. Banken har brukt ressursar på forsikringssatsinga, og det er gledeleg å sjå at det har gjeve resultat.

Norne Securities AS

Luster Sparebank har ein eigarpost i verdipapirføretaket Norne. Via Norne kan Luster Sparebank tilby kundar som ynskjer å handle enkeltaksjar eit svært godt handels- og porteføljesystem. Her ligg og sals- og kjøpsretteleingar med utfyllande kommentarar.

Verd Boligkreditt AS

Luster Sparebank er medeigar i Verd Boligkreditt AS. Bustadkreditselskapet er med på å sikra banken betre funding og likviditet.

Brage Finans AS

Brage Finans er eit frittstående finansieringsselskap med hovudvekt på billån til privatmarknaden og leasing til bedriftsmarknaden. Selskapet vart etablert i 2010 av Luster Sparebank saman med mellom anna DSS-bankane, samt Fana Sparebank og Sparebanken Vest. Gjennom Brage Finans AS kan me tilby gode løysingar for denne typen finansiering, mellom anna sjølvbetjeningsløysing for billån på nettsidene våre.

Eiendoms-kreditt AS

Luster Sparebank er aksjonær i Eiendoms-kreditt AS som held til i Bergen. Eiendoms-kreditt AS og dotterselskapet Kredittforeningen for Sparebanker er samarbeidspartnarar som blir nytta i samband med innlån av midlar og dei er aktuell partnar i større låneengasjement.

Balder Betaling AS

Luster Sparebank var med å etablere Balder saman med alle «Frende» bankane, som vårt eigarselskap når 106 norske bankar i 2017 gjekk inn på eigarsida i Vipps. Dette var ein historisk avtale for Luster Sparebank og norsk banknæring. Avtalen vil styrke posisjonen vår som sparebank i ei verd der den digitale utviklinga går lynraskt. Vipps vart skilt ut frå dåverande eigar DNB 01.09.2017. Nyleg fusjonerte Vipps med verdsleiande aktørar innan betalings- og identifiseringsteknologi, BankAxept og BankID, og vidareutviklar tenestene innan dette området.

Fondsselskap

Luster Sparebank har distribusjonsavtalar med DNB og fondsselskapa Odin og Skagen Fondene. Dette gjer at banken kan tilby kundane spare- og fondsprodukt frå fleire aktørar. I 2017 vart Norne ny leverandør av fondshandelsløysing for Luster Sparebank.

Økonomiske utviklingstrekk 2019

Økonomien har gjennom 2019 vore prega av høg og aukande internasjonal uro. Handelskrig mellom USA og Kina, auka konfliktnivå i Midtausten, store strukturelle utfordringar i tradisjonell industri i Europa og usikkerheit knytt til Brexit, har sett sitt preg på året. I ei elles uroleg verd har norsk økonomi greidd seg relativt godt. Driven av ein sterk investeringsvekst i oljesektoren, men også vekst i bedriftsinvesteringane, ser me ein vekst i fastlandsøkonomien kome på om lag 2,6 prosent, og ein sysselsettingsvekst på 1,8 prosent.

Global utvikling

Det usikre kring verdsøkonomien som prega 2018 har forsterka seg inn i 2019. På 18 månader har gjennomsnittstollen på amerikansk import frå Kina auka kraftig, og Kina har på si side svara med tilsvarande mottiltak. Dette har vore medverkande til at global handel har falle med ein prosent dei siste 12 månadane.

Avkjølinga av verdsøkonomien har på nytt blitt møtt med pengepolitiske avlastningar over heile verda, og den gradvis normaliseringa av sentralbankane si rentesetjing har snudd frå heving til nye kutt. Ved utgangen av november hadde 20 av 38 utvalde land lågare styringsrente enn seks månader tidlegare. Kraftig pengepolitisk stimulans har medverka til at det økonomiske omslaget ikkje har vorte endå kraftigare, men det vidare handlingsrommet for sentralbankane er vesentleg avgrensa.

Trass i auka internasjonal uro, og at ein framleis er i den lengste varige oppgangskonjunkturen i USA si historie, hadde amerikansk økonomi framleis ei god utvikling gjennom 2019. Utviklinga i USA er driven av god vekst i hushaldningane sitt konsum. Handelsuroa råka også industrisektoren i USA, og gjennom 2019 har sysselsetjingsveksten i industrien vore langt lågare enn tidlegare. Veksten i industriproduksjonen har gått tilbake.

Etter at den amerikanske sentralbanken hadde heva renta ei rekke gonger, har dempa inflasjonsutsikter og auka økonomisk uro medverka til at sentralbankrenta i 2019 er sett ned tre gonger til 1,75 prosent.

I eurosona har den svake aktivitetsutviklinga frå 2018 halde fram også i 2019 med mellom anna store utfordringar for europeisk industri. Auka proteksjonisme og Brexit har skapt auka usikkerheit. Også europeisk eksport til USA er møtt med auka toll. I 2019 var tysk industriproduksjon 6,2 prosent lågare enn eitt år tidlegare, og produksjonen av bilar og transportmiddel har falle med nesten 15 prosent. Dette gjer at Europas sterkaste økonomi ligg an til ein årleg BNP vekst på svake 0,3 prosent. Arbeidsløysa i eurosona er om lag 7,5 prosent og inflasjonen ligg på omlag 1,2 til 1,3 prosent.

Norsk økonomi

Hovudbiletet er at det gjekk relativt godt i norsk økonomi gjennom 2019 og at den føl oppgangskonjunkturen som har halde seg dei tre siste åra. Fastlands-BNP har vakse raskare enn trenden gjennom heile 2019 og ligg an til ein årsvekst på 2,6 prosent. Sysselsetjingsveksten tiltok gjennom både 2018 og 2019, sjølv om utviklinga gjekk noko ned mot slutten av 2019. I fastlands-Norge auka sysselsetjinga med 32.500 personar frå fjerde kvartal 2018 til tredje kvartal 2019, tilsvarande ein vekst på 1,7 prosent. Arbeidsløysa (AKU) ser ut til å ha flata ut på 3,6 prosent, medan NAV har registrert 2,2 prosent av arbeidsstyrken ledige.

Olje- og gassinvesteringane er auka med omlag 14 prosent i 2019 og er ein sterk drivar til veksten. Trass i fallande verdshandel, har norsk eksport halde seg godt gjennom 2019. Eksporten av fisk har auka mykje og er ved utgangen av 2019 på eit rekordhøgt nivå. Dei vidare vekstutsiktene i norsk økonomi er derimot dempa. Indikatorar peikar mot lågare vekst i investeringane, produksjonen og eksporten framover.

Etter mange år med sterk vekst i bustadprisane har me sidan 2017 sett ein moderat og stabil vekst i bustadmarknaden. Ved slutten av året var 12-månadsveksten i snitt 2,5 prosent, svakt over konsumprisveksten.

Aktiviteten i bustadmarknaden er framleis svært høg. Samla sett indikerer dette ein relativt stabil og balansert bustadmarknad.

Norske styresmakter har følgd opp utviklinga dei siste par åra med ein noko mindre ekspansiv finanspolitikk. Etter fleire år med sterk vekst i bruken av oljepengar over statsbudsjettet, er det rett å møte utfordringane i norsk økonomi og dei statsfinansielle utfordringane som ligg framfor oss med ein strammare pengepolitikk. I 2019 var det strukturelle oljekorrigerte budsjettunderskot kring 7,8 prosent, med eit budsjett for 2020 som ein reknar med å vera svakt innstrammande.

Resultat og balanse for 2019

Banken sitt ordinære resultat etter skatt syner eit overskot på kr 33,54 millionar for 2019. For 2018 var resultatet kr 33,49 millionar.

Rentenettoen er på 1,69 % i 2019 mot 1,64 % i 2018. Luster Sparebank har plassert sin likviditetsreserve i rentefond. Avkastning av rentefond blir inntektsført som utbytte som ikkje er ein del av rentenettoen. Mange andre bankar har plassert sin likviditetsreserve i obligasjonar. Avkastninga av obligasjonar blir inntektsført som renteinntekt og er med i rentenettoen. Dette er viktig ved samanlikning av Luster Sparebank sin rentenetto med rentenetto andre bankar oppnår. Dersom avkastninga av rentefond hadde blitt inntektsført som ein del av rentenettoen, hadde Luster Sparebank hatt ein rentenetto for 2019 på 1,87%.

Utbyttet var i 2019 høgare enn i 2018. Årsaka er høgare avkastning på rentefond i 2019.

Driftskostnadane i kroner er høgare i 2019 enn i 2018. Det er personalkostnader og IT-kostnader som har auka. It-kostnader aukar som ei følgje av digitalisering.

Driftskostnadsprosenten er definert som forholdet mellom driftskostnader og driftsinntekter eks. vinst på verdipapir. Driftsinntekter er definert som summen av rentenetto og andre driftsinntekter. Luster Sparebank har ein driftskostnadsprosent på 49,79 %. Dette er lågare enn i 2018 då den var på 52,76 %.


Driftsresultat før tap for 2019 er på kr 46,8 millionar mot kr 36,6 millionar i 2018. Banken har kostnadsført kr 3,1 millionar i tap på utlån i 2019. I 2018 inntektsførte Luster Sparebank vinstar på verdipapir definert som anleggsmiddel med kr 7,2 mill. I 2019 er det blitt tapsført kr 0,4 millionar i tap på verdipapir. Etter skatt på kr 9,8 mill. blir årsresultatet for 2019 kr 33,54 mill. mot kr 33,49 mill. i 2018. Årsresultatet for 2019 er det beste i banken sin historie.

Resultatet for år 2019 tilrår styret å nytte slik:

Avsetjing til gåver	kr 3.000.000
Overført til sparebanken sitt fond	<u>kr 30.539.987</u>
Sum disponert	<u>Kr 33.539.987</u>

Forvaltningskapital, utlån inkludert overføring til bustadkredittselskap og innskot har alle auka i 2019. Forvaltningskapitalen har auka med 2,8 %. Utlån inklusiv overføring til Verd Boligkreditt AS har auka med 4,5%. Innskota har auka med 6,2 %.

Utvikling i forvaltningskapital, utlån inkludert Verd og innskot siste 5 år



I langsiktig finansiering har banken sju obligasjonslån plassert i marknaden.

I tillegg har banken langsiktige lån via Kredittforeningen for Sparebanker. Samla har banken ved årskifte innlån for kr 550 millionar. Av dette har kr 165 millionar forfall i 2020.

Konsolidert kapitaldekning til banken pr. 31.12.2019 var 21,13 % mot 19,86 % pr. 31.12.2018. Eigenkapital i prosent av eigen balanse var 13,02 %.

Luster Sparebank har ved utgangen av 2019 ein bokført eigenkapital på kr 490,5 millionar. Av dette er kr 18,7 millionar avsett til gåvefond.

Rekneskapan er sett opp under føresetnad om forsett drift.

Risikostyring, internkontroll og compliance

Risikostyring, internkontroll og compliance er eit prioritert område for styret. Overordna rammer for banken sin risikoeksponering og styring blir årleg vurdert og fastsett gjennom banken sine styrande dokument, og blir følgde opp gjennom regelmessig rapportering til styret, årleg budsjettering og gjennom banken sin kvalitetssikring. Styret har behandla den årlege internkontrollrapporten og kan stadfeste at den er etter styret si meining gjennomført og dokumentert i samsvar med CRR/CRD IV – forskrifta.

Styret har gjennomgått og vurdert banken sin risiko- og kapitalvuderingsprosess (ICAAP). ICAAP er integrert som ein del av styret og leiinga sine rutinar for overordna styring og kontroll. Styret meiner at banken har tilpassa seg regelverket på ein god måte ut frå banken sin storleik og risikoprofil.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risikoen for at ein kunde eller motpart ikkje kan gjere opp sine forpliktingar ovanfor banken. Dette er ein av dei største risikoane for banken og relaterer seg i hovudsak til utlån og garantiar ovanfor kundar. Styret vurderer kredittrisikoen til å vere moderat for lån til personmarknaden, men noko større på utlån til bedriftsmarknaden.

Av samla utlån er 73,3 % til personmarknaden og 26,7 % til bedriftsmarknad og det offentlege

Styret vurderer utlåna som godt sikra. Banken har få store engasjement til bedriftsmarknaden. Misleghald og tapsutsette person- og næringslivslån har gått litt opp i 2019 jamfør note 2.7.

Det er utarbeida Strategi for kredittrisiko, samt kredittpolicy og kreditthandbok.

For å halde oversikt over risikoeksponeringa til banken har styret fastsett fleire rammer og måltal som vert rapportert kvartalsvis. Rapporteringa viser mellom anna porteføljeutvikling, store engasjement, engasjement fordelt på risikoklasse, utsette og misleghaldne engasjement. På privatmarknaden er det i tillegg rapportering ut frå bustadlån forskrifta og retningslinjer for forbrukslån.

Samla tapsnedskrivningar på kr 23,9 millionar, er etter styret si vurdering tilstrekkeleg til å dekke banken sin kredittrisiko på utlån. Banken sine obligasjonar er vurderte til lågaste av kostpris og marknadsverdi.

Banken har ei langsiktig målsetning at tap i prosent av brutto utlån i eigen balanse ikkje skal vere over 0,1 %.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko oppstår som følgje av opne posisjonar i valuta-, rente- og eigenkapitalinstrument. Risikoen er knytt til tap som følgje av svingingar i marknadsprisar og kursar. Styret har utarbeida Strategi for Marknadsrisiko som fastset styringsmål og risikotoleranse for banken sin marknadsrisiko.

Renterisiko

Renterisiko er definert som storleiken av tapspotensialet ved eit 2 % skift i rentekurva. (jf. Finanstilsynet sin modul for marknadsrisiko). Renterisiko oppstår ved at det er ulik rentebindingstid på banken sine renteberande balansepostar. For å redusere renterisikoen har Luster Sparebank inngått rentesikringsavtale. Etter å ha teke omsyn til rentesikringsavtalen har Luster Sparebank pr. 31.12.2019 ein renterisiko på kr. 3,3 mill. Renterisikoen pr. 31.12.2018 var på kr 2,49 mill.

Banken har ved utgangen av 2019 lånt ut kr 225 mill. i fastrentelån mot kr 214 mill. i 2018.

Gjennomsnittleg bindingstid for fastrentelån er på 2,12 år. På innlånssida har banken kr 41 millionar i innskott med rentebinding frå kundar og kr 550 millionar i innlån og utstedt obligasjonslån med kvartalsvise renteendringar.

Styret vurderer at banken er netto lite eksponert for renterisiko. Det er sett ramme for renterisiko.

Aksjerisiko

Banken har òg risiko knytt til aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis. Papira har god spreining og volumet er delt på fleire sektorar. Dei største sektorane er bankar, andre finansinstitusjonar og kraft. Styret får månadlege rapportar om behaldning og avkastning på verdipapira saman med spesifisert oppgåve over kjøp og sal.

Valutarisiko

Banken har for tida ikkje valutarisiko.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri forpliktingar og/eller evne til å finansiere auke i eigendelar, utan at det oppstår vesentleg auke i kostnader i form at prisfall på eigendelar som må realiserast, eller i form av auka finansieringskostnader.

Banken si utlånsportefølje har lang løpetid, medan størstedelen av banken sine innskot ikkje har oppseiingstid. Dette gjev likviditetsrisiko. Då innskota er fordelt på mange uavhengige innskyttarar, er risikoen mindre for at ein stor del av innskota skal bli tatt ut samtidig. Banken reknar difor innskota som ein del av den langsiktige fundingen.

Luster Sparebank har etablert lånerammer i norske finansinstitusjonar, samt fleire konkrete rammer på likviditetsområdet. Banken har unytta trekkrettar i andre finansinstitusjonar på kr. 60 mill. Banken har ein tilfredstillande forfallsstruktur på lån utstedt i finansmarknaden. Banken har pr. 31.12.2019 ein LCR på 176. Som ein del av banken sin likviditetsstrategi skal innskot utgjere minimum 80 % av brutto utlån. Per 31.12.2019 var innskotsdekninga 86 % (84 % i 2018). Inkluderer ein utlån i Verd Boligkreditt blir innskotsdekninga 71 % (69 % i 2018).

Det blir lagt til grunn i banken sin likviditetsstrategi at det til ei kvar tid skal vera klargjort lån tilsvarande minst kr 100 mill. som kan overførast til Verd Boligkreditt.

Det er utarbeida «Strategi for Likviditetsrisiko» med beredskapsplan, samt kvartalsvis risikorapport på området.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko kan definerast som risikoen for tap som skuldast utilstrekkeleg eller sviktande interne prosessar, svikt hjå menneske og i system eller eksterne hendingar.

Styret har utarbeida styringsdokumentet: «Strategi for operasjonell risiko». Ein vesentleg del av den operasjonelle risikoen i banken er knytt til bruk av IKT. Banken nyttar TietoEVERY som IT leverandør. Gjennom samarbeidet i DSS-bankane blir det kontinuerleg jobba med utvikling av kontinuitetsløysingar og katastrofeberedskap, som er viktige for å sikre stabilitet og tilgjengelegheit.

Det vert samstundes jobba internt med å sikre tilstrekkeleg kompetanse for å redusere den operasjonelle risikoen. Banken sine sikkerheitssystem er omfattande og vert vedlikehaldne og testa periodisk. Styret vurderer den operasjonelle risikoen som tilfredstillande.

Personale – arbeidsmiljø

Ved utgangen av 2019 hadde me 25 fast tilsette medarbeidarar, av desse var 9 deltidstilsette. 54 % av banken sine tilsette er kvinner. Gjennomsnittsalderen for banken sine tilsette er 49 år og gjennomsnittleg

tilsetjingstid er 17 år. Banken har ein lærling i 100 % stilling, som vart tilsett i 2018. To tilsette har slutta og det er ein ny tilsett.

Dei tilsette medrekna ferievikar og lærling utførte 22,46 årsverk dette året.

Me er ei næring der det er stor konkurranse og marginane er små. Dette gjer at endringar er ein del av kvardagen for dei tilsette. Me jobbar vidare med at den enkelte kundesrådgjevar skal ha kunnskap om alle produkt banken tilbyr, og at kunden skal kunna halde seg til ein kundesrådgjevar. Det er oppretta ei ny stilling, leiar for sal og marknad, som har det overordna ansvaret for marknadsarbeidet i lag med marknadsgruppa.

Banken ser det som viktig at dei tilsette held seg i god fysisk form og har gjeve støtte til tilsette som nyttar treningscenter. Me har også i 2019 hatt sjølvregistrering av trim under mottoet «Ut på tur der du bur». Banken er og med på opplegget «prosjekt sjukefråvær» ved Luster Treningscenter. Fleire av dei tilsette har i løpet av året nytta seg av tilbodet og tilbakemeldingane er svært gode. Korttidssjukefråværet var på 0,33 % i 2019. (0,58 % i 2018). Samla sjukefråvær har vore 3,00 % (2,73 % i 2018).

Luster Sparebank følgjer Hovudavtalen og Sentralavtalen som er utarbeida mellom Finans Norge (arbeidsgjevarorg.) og Finansforbundet (arbeidstakarorg.). I tillegg har me personalhandbok og eigen Bedriftsavtale som er utarbeidd mellom leiing og tillitsvalde.

Banken er ei IA-verksemd (IA = inkluderande arbeidsliv). Luster Sparebank har utarbeidd eigne mål og rutinar i samsvar med IA-avtalen. Banken er medlem av Bedriftshelseteneste 1. Tillitsvalde, verneombod og leiinga i banken prioriterer korleis banken skal nytta ressursane som er tilgjengelege i bedriftshelsetenesta. Administrasjonen har eit godt samarbeid med dei tillitsvalde i Luster Sparebank. Den tradisjonelle familieturen vart i år gjennomført i mars og gjekk til Storefjell. Det var rekorddeltaking og svært gode tilbakemeldingar.

Det vart i 2015 teikna helseforsikring for dei tilsette. Alle tilsette i Luster Sparebank er frå 01.01.2015 tilknytte innskotspensjon med maksimumssatsar.

Kompetanseutvikling

Luster Sparebank sin viktigaste ressurs er medarbeidarane sin kompetanse og evne til å avdekke og dekke behovet til kundane våre.

Luster Sparebank har eigen utdanningsavtale og legg tilhøva til rette for tilleggsutdanning. Me gler oss over at ein tilsett har gjennomført autorisasjonsordninga for finansielle rådgjevarar (AFR) i 2019. Ved å ha god og oppdatert bankfagleg kompetanse kan me yte kundane våre best mogeleg rådgjeving og service. Administrasjonen og tillitsvalde er i tillegg einige om ein eigen kompetanseavtale gjeldande frå 01.01.2016.

Luster Sparebank er oppteken av at tilsette og tillitsvalde i banken har stillingar og verv etter kompetanse. Ut frå eit likestillingsperspektiv har banken prøvd på best mogeleg måte å leggja tilhøva til rette både for kvinner og menn.

Funksjon	Kvinner	Menn
Generalforsamling	50 %	50 %
Styret	40 %	60 %
Tilsette	54 %	46 %

Styret sitt arbeid

Påløpte renter utsteda verdipapir	2.047	1.528
Skuldige feriepengar og bonus	2.321	1.929
Andre kostnader og innvilga gåver	1.076	3.592
Arbeidsgiveravgift	889	750
Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter	7.017	8.424

Note 11 Andelar

Gaupne Forretningsbygg ANS

Banken har 98 % eigarandel pr. 31.12.19

Gaupne Forretningsbygg ANS har sitt forretningskontor i Gaupne.

Postar Gaupne Forretningsbygg	2019 I banken sitt rekneskap	
Andel årsresultat før avskrivningar	505	Andre driftsinntekter
Avskrivningar andel bygg	182	Ordinære avskrivningar
Andel bygning	110	Bygningar
Andel netto fordring/gjeld	132	Andre krav
Andel dotterselskap	2018	2018
Eigenkapital pr. 1.1	3.909	4.038
Tilgang	0	0
Resultat før skatt	376	938
Utbetalt likviditetsoverskot	-508	-1.067
Andel egenkapital pr. 31.12	3.777	3.909
Meirverdi pr. 31.12	0	0
Andel tilknyttta selskap	3.777	3.909
Meirverdi pr 1.1	2.802	2.802
Tilgang kjøp	0	0
Sum meirverdi 31.12	2.802	2.802
Akkumulert avskrivning 1.1	2.802	2.802
Årets avskrivningar (10%)	0	0
Sum avskrivningar 31.12	2.802	2.802
Bokført meirverdi 31.12	0	0

På grunn av uvesentleg innverknad på tala er det ikkje utarbeida konsernrekneskap for 2019.

Note 12 Dotterselskap

Luster Sparedrift A/S vart stifta i 1990. Selskapet er eit heileigd dotterselskap av Luster Sparebank. Aksjekapitalen er kr 200.000,- og er i banken sitt rekneskap pr. 31.12.2019 bokført til same beløp. Selskapet har sitt forretningskontor i Gaupne, med adresse Øyagata 2, 6868 Gaupne. Selskapet eig 2% andel i ANS Gaupne Forretningsbygg.

I banken sitt rekneskap kjem postane for dotterselskapet fram slik:

	2019	2018
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	200.000	200.000
Selskapet sitt innskot i banken	200.349	199.087
Rentekostnader	97	95

Hovudpostar frå resultatrekneskapen og balansen for Luster Sparedrift A/S:

	2019	2018
Sum driftskostnader = driftsresultat	-5.611	-5.630
Andel årsresultat Gaupne Forretningbygg ANS	7.666	19.138
Resultat før skattekostnader	2.108	13.603
Årsoverskot	1.268	10.009
Sum egedelar	348.748	350.180
Sum egenkapital	347.948	346.680

Note 13 Utsatt skatt og skattefordel

Netto utsatt skattefordel er utrekna på grunnlag av dei mellombels skilnadene mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiane som eksisterte ved utgangen av rekneskapsåret.

Netto utsatt skattefordel er utrekna på følgjande måte:

Positive mellombels skilnader:	2019	2018	Endring
Vinst/tapskonto bygningar	40	51	-11
Avsetning til pensjoner	1.341	1.400	-59
Sum positive mellombels skilnader	1.381	1.451	-70
Utsatt skatt	345	363	-18
Negative mellombels skilnader:			
Rekneskapsmessige avsetjingar	753	552	201
Skattemessige mindreavskrivingar	8.148	8.229	-81
Ekstraordinær nedskrivning leiligheter	65	165	-100
Pensjonsforpliktingar	19.572	16.970	2.602
Sum negative mellombels skilnader	28.538	25.916	2.622
Utsatt skattefordel	7.135	6.479	656
Netto utsatt skattefordel	6.789	6.116	673

Note 14 Årets skattar

	2019	2018
Inntektsskatt	9.723	8.244
Formuesskatt	800	800
Reduksjon/auke i utsatt skattefordel	-673	-628
For mykje avsatt tidligare år	-55	-321
Årets skattekostnad	9.795	8.095

Spesifikasjon av skilnaden mellom det rekneskapsmessige resultatet før skattar og årets skattepliktige inntekt:

	2019	2018
Rekneskapsmessig resultat før skattar	43.336	41.593
Endring i mellombels skilnader	2.340	2.309
Endring i permanente skilnader	-6.784	-10.927
Skattepliktig inntekt	38.892	32.975

SKATT (Betalbare skattar)

	2019	2018
Inntektsskatt	9.723	8.244
Skuldig skatt frå 2018 fordi likningsmyndigheter berekna skatt med 22 % skattesats istadenfor 25 %	661	0
Formuesskatt	800	800
Betalbar skatt i balansen	11.184	9.044

Note 15 Kapitaldekning	2019	2018
Sparebankenes fond	471.848	441.308
Gåvefond	18.700	18.700
-Frådrag	-52.086	-40.703
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	438.461	419.305
Engasjementskategoriar (vekta beløp)		
Stater og sentralbanker	0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	20.540	4.129
Offentleg eigde foretak	0	1.803
Institusjoner	40.930	42.331
Foretak	104.536	105.704
Engasjementer med pantesikkerhet i eiendom	1.471.125	1.551.565
Forfalte engasjementer	25.317	32.595
Obligasjoner med fortrinnsrett	7.082	8.999
Andeler i verdipapirfond	25.176	33.254
Egenkapitalposisjoner	47.964	87.105
Øvrige engasjementer	97.000	52.296
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.839.671	1.919.781
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko	151.428	143.038
Sum berekningsgrunnlag	1.991.099	2.062.819
Kapitaldekning		
Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag	22,02 %	20,33 %
Krav til kapital		
Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag	159.288	165.026
Ansvarleg kapital	438.461	419.305
Overskot av ansvarleg kapital	279.173	254.279
Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav	279.173	254.279
Bufferkrav		
Bevaringsbuffer 2,5 %	49.777	51.570
Systemrisikobuffer 3 %	59.733	61.885
Motsyklisk buffer 2,5 % (2 %)	49.777	41.256
Sum bufferkrav	159.288	154.711
Overskot rein kjernekapital	119.886	99.568

Kapitaldekning konsolidert

Luster Sparebank rapporterer konsolidert kapitaldekning for samarbeidande grupper der banken er medeigar i samabeidande finanstinstitusjonar. Ved utgangen av 2019 hadde Luster Sparebank ein eigardel på 7,1 % i Verd Boligkreditt AS og 1,35 % i Brage Finans AS.

	2019	2018
Konsolidert rein kjernekapital	489.595	467.525
Konsolidert kjernekapital	496.069	472.688
Konsolidert kapitaldekning	499.042	480.038
Konsolidert beregningsgrunnlag	2.361.931	2.416.974
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	20,73 %	19,34 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	21,00 %	19,56 %
Konsolidert kapitaldekning	21,13 %	19,86 %

Note 16 Eigenkapitalutvikling

	Sparebank-			
	Gåvefond	Gåver	ens fond	Sum
Saldo 01.01.	18.700	0	441.308	460.008
Utdeling til gåver	0	-3.000	0	-3.000
Disponering av overskot	0	3.000	30.539	33.539
Saldo 31.12	18.700	0	471.848	490.548

Note 17 Ansvarleg lånekapital i andre selskap

	2019	2018
Bokført under utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	5.400	5.400
Bokført under obligasjonar, sertifikat, andre renteberande verdipapir	8.010	5.100

Note 18 Pensjon

AFP-ordning

Tilsette i Luster Sparebank har rett til AFP. AFP-ordninga som gjeld frå og med 1. januar 2011 er å sjå på som ei bidragsbasert fleirforetaksordning, men rekneskapsførast som ei innskotsordning fram til det føreligg påliteleg og tilstrekkeleg informasjon slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proposjonale del av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar i ordninga. Selskapet si forplikting etter den nye AFP-ordningen er dermed ikkje balanseført som gjeld.

Gåvopensjon

Luster Sparebank har ein lukka gåvopensjonsordning. Luster Sparebank har garantert medlemmer av ordningen 70 % av sluttlønn frå 62 til 67 år dersom dei går av med førtidspensjon. Dette vil seie at summen av folketrygd, AFP og gåvopensjon skal vere minst 70 % av sluttlønn i perioden ein er pensjonist mellom 62 og 67 år. Den berekna forpliktinga knytt til gåvopensjonen utgjer om lag kr 8,9 millionar. 15 tilsette har rett på gåvopensjon. Avtalen gjeld ikkje banksjef som har eigen avtale.

Pensjon banksjef

Det er etablert eigen pensjonsavtale for banksjef. Banksjef har rett og plikt til å gå av ved fylte 65 år. Ifølgje avtale er Luster Sparebank sin pensjonsforplikting ovanfor banksjef sikra ved at midlar blir investert i eit verdipapirfond. Det blir gjort årlege innbetalingar i fondet på kr 462.000,- inkludert arbeidsgiveravgift og finansskatt. Banksjef har risikoen for verdiutviklinga av fondet. Ved pensjonering skal fondet utbetaltast over 17 år. Luster Sparebank si forplikting er lik verdien på fondet.

Innskotsbaserte ordningar

Alle tilsette har innskotspensjon. Innskotsbaserte pensjonar er ordningar der selskapet forpliktar seg til å betale ein årleg premie. Den tilsette sin pensjon vil vere avhengig av innbetalte midlar og avkastninga på midlane. For selskapet er årets kostnad lik årets premie.

Pensjonskostnaden i 2019

Luster Sparebank har ein samla pensjonskostnad på kr 3,7 millionar i 2019. Pensjonskostnaden i 2018 var på kr 3,5 millionar. Luster Sparebank er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon og pensjonsordningane tilfredstillar krava i denne lova.

Pensjonskostnad	2019	2018
Gåvopensjonsavtale	1.501	848
Pensjonsavtale banksjef	920	1.401
Avkastning pensjonsmiddel	-458	-430
AFP	206	171
Pensjon over drift	-2	-4
Innskotsordning	1.267	1.280
Arbeidsgiveravgift og finansskatt av AFP og innskotspensjon	230	225
Netto pensjonskostnad	3.664	3.491

Pensjonsforplikting	2019	2018
Estimert verdi av gåvepensjon	8.906	7.439
Estimert verdi av pensjon betalt over drift	0	11
Estimert verdi av forplikting ovanfor banksjef	8.026	7.230
Arbeidsgiveravgift	2.641	2.290
Sum pensjonsforplikting	19.572	16.970

Økonomiske føresetnader for berekning av gåvepensjonsforplikting

	2019	2018
Diskonteringsrente	2,30 %	2,60 %
Forventa regulering av løn	2,25 %	2,75 %
Forventa auke av pensjonar under utbetaling	0,50 %	0,80 %
Forventa G-regulering	2,00 %	2,50 %
Uttaksrate gåvepensjon	50,00 %	70,00 %

Pensjonsmidlar

Gåvepensjon og pensjon banksjef er sikra med innskot i DNB Livsforsikring AS og plassering i verdipapirfondet DNB Aktiv. Midlane er banken sin eigendom inntil dei kjem til utbetaling. I tillegg har banken eit innskotsfond som kan nyttas til å dekke innskot i Luster Sparebank sin innskotspensjonsordning.

På eigarsida i balansen framkjem desse midlande slik:	2019	2018
Innskot i DNB Livsforsikring AS	13.137	12.678
Plassering i DNB Aktiv	8.024	7.230
Arbeidsgiveravgift	1.252	1.380
Innskotsfond	1.343	1.400
Sum pensjonsmidlar	23.756	22.688

Note 19 Nøkkeltal

Resultatanalyse (i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)

	2019	2018
Renteinntekter og liknande inntekter	2,92 %	2,69 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,23 %	1,05 %
Netto rente og provisjonsinntekter	1,69 %	1,64 %
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med var. avkastning	0,28 %	0,19 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktjenester	0,36 %	0,36 %
Provisjonskostnader og kostnader frå banktjenester	-0,04 %	-0,05 %
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdip. som er omløpsmidle	0,11 %	0,01 %
Andre driftsinntekter	0,02 %	0,03 %
Sum andre inntekter	0,72 %	0,54 %
Løn og sosiale kostnader	0,59 %	0,58 %
Adminstrasjonskostnader	0,43 %	0,42 %
Avskrivinger	0,03 %	0,04 %
Andre driftskostnader	0,09 %	0,10 %
Sum driftskostnader	1,14 %	1,14 %
Resultat av ordinær drift før tap		
Tap på utlån og garantiar	0,08 %	0,06 %
Nedskrivning/reversering av nedskrivning og vinst (-)/tap (+) på verdipapir som er anleggsmidler	0,00 %	0,00 %
	0,01 %	-0,20 %
Resultat av ordinær drift	1,17 %	1,17 %
Skatt på ordnært resultat	0,26 %	0,23 %
Resultat for rekneskapsåret	0,90 %	0,95 %
Forvaltningskapital	3.766.814	
ANDRE NØKKELTAL		
Lønnsemd		
Egenkapitalavkastning	7,29 %	7,53 %
Kostnadsprosent ekskl verdipapir	49,79 %	52,76 %
Soliditet		
Egenkapital i % av forvaltningskapital	13,02 %	12,55 %
Likviditet		
Likviditetsreserve - LCR	176 %	212 %
Tap		
Bokført tap i % av brutto utlån	0,08 %	0,06 %
Vekst, innskotsdekning, storleik		
Endring i forvaltningskapital	2,78 %	7,19 %
Utlånsvekst i eigne bøker	3,74 %	6,58 %
Utlånsvekst inkludert Verd Boligkreditt	4,49 %	6,87 %
Innskotsdekning	85,75 %	83,70 %
Innskotsdekning inkludert Verd Boligkreditt	70,51 %	69,36 %
Innskotsvekst	6,22 %	2,94 %

Note 20 Overgang til IFRS

Luster Sparebank utarbeider årsrekneskap i samsvar med «Forskrift om utarbeidelse av årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak (forskriften). Etter § 1-4, 2. ledd b) skal banken frå 1. januar 2020 utarbeide årsrekneskapet i samsvar med IFRS med mindre forskriften pålegg noko anna. Banken har ikkje utarbeida samanlikningstall jf § 9-2 i forskrifta. I årsrekneskap for 2020 vil fjorårstalla ikkje vere samanliknbare med 2019-tal i årsrekneskap for 2019. Dei viktigaste endringane vedrører klassifisering og måling av finansielle instrument som frå 01.01.2020 skal vere i samsvar med IFRS9.

Effekten av nye prinsipp gjeldande får 01.01.2020 blir ført direkte mot eigenkapitalen i åpningsbalansen frå same dato. Konsekvens av overgang til IFRS i samsvar med forskrifta er vist i tabellar i denne noten.

Forskrifta gjer rom for å utsetje implementering av IFRS 16 Leieavtaler til 2021 og dette har banken vald å gjere.

I det følgjande blir det redegjort for dei viktigaste rekneskapsprinsippa som vil bli nytta for finansielle instrument frå og med 01.01.2020.

Endring i klassifisering og måling

Klassifikasjon og måling av finansielle eigendeler etter IFRS9 (utanom eigenkapitalinstrumenter og derivat) blir vurdert ut frå ein kombinasjon av banken sin forretningsmodell og karakteristika ved eigendelen sine kontraktsfesta kontantstraum.

Finansielle eigendeler skal klassifiserast og målast etter følgjande alternativ:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over resultatet (FVPL)
- Verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat (FVOCI)

Klassifisering av ein finansiell eigendel blir bestemt av forretningsmodellen til porteføljen eigendelen er ein del av og den kontraktsmessige kontantstraumar til eigendelen. For finansielle eigendeler blir det skilt mellom gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument. Eit gjeldsinstrument er definert som ein finansiell eigendel som ikkje er derivat eller eigenkapitalinstrument. Gjeldsinstrument med kontraktsfesta kontantstraumar som er betaling av renter og hovedstol på kontraktsfesta datoer og forretningsmodellen **er å halde til forfall**, blir målt til amortisert kost.

Gjeldsinstrument med kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av renter og hovedstol på kontraktsfesta datoer der forretningsmodellen **er å halde til forfall eller å selge**, blir målt til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. Renteinntekt og eventuelle nedskrivingar blir ført i det ordinære resultatet. Verdiendringar blir ført over utvida resultat. Ved sal skal verdiendringar tidligare ført over utvida resultat reklassifiserast til det ordinære resultatet.

Derivat blir målt til verkeleg verdi med verdiendringar over det ordinære resultatet.

Eigenkapitalinstrument blir målt til verkeleg verdi. Verdiendringar skal som hovedregel først i det ordinære resultatet. Eigenkapitalinstrument som ikkje er holdt for handelsføremål og som ikkje er eit betinga vederlag etter ein virksomhetsoverdragelse, kan målas til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. Banken si portefølje av verdipapir vil frå 01.01.2020 bli balanseført til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet.

Kontantar, Fordring på Sentralbanken og Utlån til kredittinstitusjonar har kontraktsfesta kontantstraumar som er betaling av renter og hovedstol på kontraktsfesta datoer og forretningsmodellen er å halde til forfall. Desse skal difor rekneskapsførast til amortisert kost som tidligere. Renteinntekter er inkludert i linja «Renter ol inntekter fra utlån og fordringar på kredittinstitusjoner» etter effektiv rentemetode.

Utlån til kundar blir delt inn i portefølje for personmarknadskundar, bedriftsmarknadskunder og utlån til det offentlege.

Utlån til personmarknadskundar er i hovedsak utlån med pant i bustad. Utlån med pant i bustad har kontraktsfesta kontantstraumar med betaling av rente og hovedstol på avtalte datoar. Foretningsmodellen for personmarknadskunder er enten å halde utlåna på eigen balanse eller å selge låna til Verd Boligkreditt AS. Desse utlåna er fram til og med 31.12.2019 rekneskapsført til amortisert kost. Frå 01.01.2020 skal desse låna rekneskapsførast til verkeleg verdi der verdiendringane blir bokført over utvida resultat. Renteinntekt vert ført som «Renter ol inntekter av utlån og fordringer på kunder» og eventuelle nedskrivningar vert ført som «Tap på utlån» i det ordinære resultatet. Verdiendringar ført over utvida resultat blir reklassifisert til «Netto inntekt på finansielle instrumenter vurdert til virkeleg verdi» ved sal o.l. av eigendelane.

Alle andre utlån til kundar har kontraktsmessige kontantstraumar som er betaling av rente og hovedstol på avtalte datoar der forretningsmodellen er å motta desse avtalte kontantstraumane. Desse utlåna vil som tidlegare bli rekneskapsført til amortisert kost. Renteinntekter er inkludert i linja «renter ol inntekter av utlån og fordringer på kundar» etter effektiv rentemetoden.

Sertifikat og obligasjonar er del av ei portefølje der papir blir kjøpt og solgt løpande. Denne porteføljen blir rekneskapsført til virkeleg verdi med verdiendring over ordinært resultat. Realiserte og urealiserte gevinstar og tap inngår i «Netto inntekt på finansielle instrumenter vurdert til virkeleg verdi» mens renteinntekter inngår i linjen «Renter og liknande inntekter av sertifikat og obligasjonar».

Aksjer og andelar som fram til og med 31.12.2019 er blitt ført til lavaste verdis prinsipp og etter kostmetoden, vil i samsvar med IFRS9 bli målt til virkeleg verdi frå og med 01.01.2020. Realisert og urealiserte vinst og tap inngår i «Netto inntekt på finansielle instrumenter vurdert til virkeleg verdi» men motteke utbytte inngår i «Utbytte».

Det er ingen endring i klassifisering og måling av finansielle forpliktingar. Dei finansielle forpliktingar til banken er «Lån og innskot frå kredittinstitusjonar», «Innskot fra og gjeld til kundar» og «Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir til amortisert kost». Desse postane blir målt til amortisert kost. Rentekostnader inngår i dei ulike rekneskapslinjer under «Sum rentekostnader ol kostnader» etter effektiv rente metode.

Gåveavsetning er tidligere år klassifisert som gjeld i balansen. I samsvar med IFRS vil dette bli klassifisert som gåvefond under egenkapital. Når midlar blir øyremerka til eit bestemt formål, blir dei omklassifisert som anna gjeld.

NEDSKRIVING

Etter IFRS9 skal tapsnedskrivningar basere seg på framtidig forventa tap uten at det treng å foreligge objektive bevis for tap. Den nye standarden innebær krav om tapsavsetningar også på nye utlån ved at det skal gjerast nedskrivningar for forventa kredittap som følge av forventa misleghald dei nærmaste tolv månadene. For utlån der kredittrisikoen har auka vesentleg etter etablering, skal det nedskrivast for forventa kredittap over lånet si løpetid.

Beskrivelse av nedskrivingsmodell og modellberekning

Etter regler gjeldande fram til 31.12.2019 skal ein avsette til tap når det foreligg objektive bevis på at verdifall har inntruffe på balansedagen. Under IFRS 9 skal ein avsetje for forventa tap. Dei nye prinsippa gjeld for finansielle eigendeler som er gjeldsinstrument og som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar regnskapsført over utvida resultat. I tillegg er lånetilsagn, unytta kredittar og finansielle garantikontraktar inkludert.

Kontantar og fordringar på sentralbanker

«Utlån og fordringar på sentralbanker» er kun mot Norges Bank. Norges Bank har AAA rating av Moodys og AAA/A-1 frå S&P og har dermed låg kredittisiko. Det blir difor ikkje gjort tapsavsetningar i tilknytning til denne balanseposten.

Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar

Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar er mot finansinstitusjonar med minimum A-rating. Dette betyr at dei oppfyller standardens presumpsjon om lav kredittisiko. Tapsavsetjingar vil vere så uvesentlege at ein ikkje har gjort tapsavsetjingar i tilknytning til denne balanseposten.

Utlån og fordringar på kundar

Luster Sparebank har delt utlånsportefølja i dei fire segmenta personmarknadslån, bedriftsmarknadslån, lån til offentlig sektor og bustadlån overført til Verd Boligkreditt AS. Etter regelverket i IFRS 9 har banken valgt ein tapsgradstilnærming for å estimere forventa kreditttap. Utgangspunkt for fastsetjing av tapsgrad er historisk konstaterte tap den siste 10-års periode. Ut frå dette blir tapsgrad vurdert til 0,04 % for privatmarkedet inkludert Verd-lån og 0,5 % for bedriftsmarknadslån. For offentlig sektor er tapsgraden satt lik 0. Forventa levetid for lån i porteføljen er vurdert til 3 år for personmarknad og 4 år for bedriftsmarknaden.

Trinn 1

Ved første gangs rekneskapsføring blir det på alle engasjement berekna eit tap tilsvarande 12 månaders forventa kreditt-tap. Trinn 1 omfattar alle finansielle eigendeler som ikkje har ein vesentleg høgare kreditt-risiko enn det dei hadde ved første gangs innrekning.

Trinn 2

Dette trinnet inneheld lån og fordringar der kreditt-risikoen har auka vesentleg sida første gongs innrekning men der det ikke er objektive bevis på tap. For desse eigendelen blir det avsett forventa tap over den forventa levetid på engasjementet. Luster Sparebank har definert at vesentleg auke i kredittrisiko inntreff dersom eit engasjement er mislighaldt i 30 dagar og/eller svekka betjeningsevne blir avdekka i banken sine risikomodellar. Lån med betalingslettelse blir klassifisert minimum i trinn 2. Renteinntekter knytta til utlån i trinn 1 og trinn 2 blir berekna etter den effektive renters metode basert på brutto balanseførte verdien av utlån.

Trinn 3

Trinn 3 består av utlån og fordringar som har hatt ein vesentleg auke i kredittrisiko sidan engasjementet vart innvilga samstundes som det ligg føre objektive bevis for tap på balansedatoen. For desse eigendelene blir det avsett for forventa tap over eigendelene si levetid. Klassifisering i trinn 3 inntreff ved overtrekk og restansar eldre enn 90 dagar. Desse engasjementa blir presentert netto i balansen og renteinntekter blir berekna basert på netto balanseførte verdia.

Lån som er i trinn 2 eller 3 kan ikkje reklassifiseres til eit lågare trinn før etter minimum 3 månader etter at dei er blitt friskmeldt.

I tillegg til ovannemde tapsgradsberekningar, gjer Luster Sparebank ei vurdering av økonomiske makrovariablar i sansynlegheitsvekting av forventa tap. Viktige makrovariablar er definert til å vere arbeidsledighet, styringsrente/rentebane og oljepris i NOK.

Klassifikasjon og måling av finansielle instrumenter

Forskrift om årsrekneskap for bankar m.v. er endra som følgje av overgang til IFRS. Tabellen avstemmer eigendeler og forpliktar mellom gammal forskrift (gjeldande fram til 31.12.2019) og ny forskrift (gjeldande frå 01.01.2020)

Finansielle eigendeler	Måle-kategori	Bokført verdi	Reklassifisering	Endring i måling	Måle-kategori	Bokført verdi
Kontantar/fordringar på sentralbanken	Amortisert kost	73.258	0	0	Amortisert kost	73.258
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar	Amortisert kost	179.799	0	0	Amortisert kost	179.799
Utlån til kundar	Amortisert kost	3.100.992	-2.286.082	-1.354	Amortisert kost	813.556
	Amortisert kost		2.293.458	1.750	Virkeleg verdi over utvida resultat	2.295.208
Sertifikater og oblagsjonar	Laveste verdis prinsipp	8.010	0	0	Virkeleg verdi over resultat	8.010
Aksjer andeler og andre verdipapir	Laveste verdis prinsipp	360.442	0	39.142	Virkeleg verdi over resultat	399.584
Andre eigendeler	Laveste verdis prinsipp	44.312	-7.376	0	Virkeleg verdi over resultat	36.936
Sum eigendeler		3.766.813	0	39.538		3.806.351
Finansielle forpliktingar						
Gjeld kredittinstitusjonar	Amortisert kost	120.000			Amortisert kost	120.000
innskot frå kundar	Amortisert kost	2.679.751	3102	0	Amortisert kost	2.682.853
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	Amortisert kost	430.017	0	0	Amortisert kost	430.017
Auke utsatt skatt som følge overgang IFRS						21
Øvrig gjeld	Amortisert kost	46.497	-7395	314	Amortisert kost	39.416
Sum gjeld		3.276.265	-4.293	314		3.272.307
Effekten av overgangen til IFRS på Luster Sparebank sin eigenkapital						
Eigenkapital 31.12.2019						490.548
Endring i måling av tap som følgje av overgang til IFRS						396
Auke i aksjeverdiar som følge av overgang til måling etter IFRS						39.142
Auke i øvrig gjeld						-314
Gaveavsetning reklassifisert til eigenkapital						4.293
Skatteeffekt av overgangen						-21
Eigenkapital		490.548				534.044
Sum gjeld og eigenkapital		3.766.813				3.806.351

Avstemming av tapsavsetningar mellom utlånsforskriften gjeldande fram til 31.12.2019 og IFRS frå og med 01.01.2020.

	Tapsavsetning 31.12.2019	Reklassi- fisering	Ny måling	Tapsavsetning 01.01.2020
Kontantar/fordringar på sentralbank	0	0	0	0
Utlån/fordring på kredittinstitusjonar	0	0	0	0
Utlån til kundar	23.943	-2.553	1.353	22.743
Sertifikat og obligasjonar	0	0	0	0
Sum eigendeler målt til amortisert kost	23.943	-2.553	1.353	22.743
Utlån til kundar	0	2.553	-620	1.933
Sertifikater og obligasjonar	0	0	0	0
Sum eigendeler målt til virkeleg verdi overr utvida resultat	0	2.553	-620	1.933
Finansielle garantiar	0	0	136	136
Unyttta kreditt	0	0	178	178
Lånetilsagn	0	0	0	0
Sum finansielle garantiar, unyttta kredittar og lånetilsagn	0	0	314	314
Totalt	23.943	0	1.047	24.990

Tapsavsetning for garantiar, unyttta kreditt og lånetilsagn framkjem som anna gjeld i balansen

Fordeling av tapsavsetjinger pr. trinn 01.01.20

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3
Beskriving	Klassifisering første gangs balanseføring og friske lån	Vesentleg auke i kredittrisiko sidan første gangs balanseføring	Vesentleg auke i kredittrisiko sidan første gangs balanseføring og objektive bevis på tap
Tapsavsetjing	Forventa tap over 12 månader	Forventa tap over levetiden til instrumentet	Forventa tap over levetiden til instrumentet
Kontantar/fordring på sentralbankar		0	0
Utlån/fordring på kredittsinstitusjonar		0	0
Utlån til kundar målt til amortisert kost	2.821	1.252	18.670
Utlån til kundar målt til virkeleg verdi over utvida resultat	1.130	113	691
Sertifikater og obligasjonar målt til amortisert kost	0	0	0
Sertifikater og obligasjonar målt til virkeleg verdi over utvida resultat	0	0	0
Finansielle garantiar	84	11	40
Unyttta kreditt	117	27	34
Lånetilsagn	0	0	0
Sum	4.152	1.403	19.435

KONTANTSTRAUMANALYSE

	2019	2018
Resultat for rekneskapsåret	33.540	33.498
Avgang til bokført verdi driftsmidler og anleggsaksjar	7.087	6.377
Endring nedskrivning anleggsaksjar	375	-150
Ordinære avskrivningar	1.236	1.376
Endring kursreguleringskonto og nedskrivning verdipapir	-114	74
Endring nedskrivning på grupper av lån	-6.800	-5.300
Endring spesifiserte tapsnedskrivningar på utlån	7.714	5.879
Endring pensjonsforplikting	1.533	271
Avsett til gaver	-3.000	-3.000
Tilført frå årets drift	41.571	39.025
Auke utlån til kundar	-112.568	-186.199
Auke innskot frå kundar	157.001	72.052
Auke utsett skattefordel	-673	-628
Reduksjon/auke øvrige fordringar	7.384	-7.676
Auke / reduksjon kortsiktig gjeld	1.790	1.117
A Netto likviditetsendring frå verksemda	94.505	-82.309
Investering i varige driftsmidler	-562	-680
Netto investering langsiktige verdipapir	-2.727	-11.205
B Netto likviditetsendring investeringar	-3.289	-11.885
Reduksjon / auke utlån til anna finansinstitusjon	23.493	-66.487
Reduksjon/auke innskot frå anna finansinstitusjon	-60.000	0
Reduksjon/auke gjeld stifta ved utsteding verdipapir	-29.934	139.964
C Netto likviditetsendring finansiering	-66.441	73.477
A+B+C Sum endring likvider	24.775	-20.717
Likviditetsbeholdning 1. januar	48.483	69.200
Likviditetsbeholdning 31. desember	73.258	48.483
Netto endring likviditetsbeholdning	24.775	-20.717

Til generalforsamlinga i Luster Sparebank

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Luster Sparebank sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumanalyse for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkta, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilde.



Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Sogndal, 28. februar 2020
PricewaterhouseCoopers AS

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Jan Flølo'.

Jan Flølo
Statsautorisert revisor